

PLANFØRESESEGNER FOR

Detaljregulering masseuttak Vevletveit – Hauge OSTERØY KOMMUNE

GNR. 6 BNR. 1
Plan nr.: 1253 2016 001

Saksnummer: 16/341
Dato sist revidert: 22.01.2019

1. FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å leggje til rette for vidare drift av eksisterande masseuttak og sikre god tilbakeføring av landskapet til landbruk etter avslutta drift.

Detaljreguleringsplanen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 12-7.

Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Bygg og anlegg: *(Pbl. § 12-5 ledd nr. 1)*
 - Råstoffutvinning, masseuttak og steinbrot (BRU)
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur: *(Pbl. § 12-5 ledd nr. 2)*
 - Offentleg veg (o_SV)
 - Privat veg (SV)
 - Annan veggrunn – teknisk (SVT)
3. Grønstruktur: *(Pbl. § 12-5 ledd nr. 3)*
 - Vegetasjonsskjerm (GV)
4. Omsynssone *(pbl. § 12-ledd nr. 6 & 11-8 a)*
 - Sikringssone - Frisikt (H140)
 - Sikringssone – Andre sikringsoner (H190)
 - Faresone – høgspenning (H370)
 - Sone med angitt særlege omsyn- Bevaring naturmiljø (H560)

2. FELLES FØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET *(Pbl. § 12-7)*

2.1 Rekkefølgjekrav og vilkår for gjennomføring av tiltak *(Pbl § 12-7 nr. 10)*

- 2.1.1 Driftsplan for masseuttaket må være godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning før vidareføring og avslutning av drift.
- 2.1.2 Området skal sikrast etter godkjend driftsplan før vidareføring og avslutning av drift.
- 2.1.3 Før vidareføring av drift skal byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen vere godkjend av Statens vegvesen og avkøyrslø SV2 til masseuttaket vere ferdig opparbeida.
- 2.1.4 Før vidareføring av drift skal sedimentasjonsbasseng jamfør §§ 2.4.1 og 2.7.5 vere søkt om, opparbeidd og ferdigstilt.

2.1.5 Området skal tilbakeføres til LNF-føremål seinast innan 1 år etter avslutning av drift og/eller ved varig driftsstans.

2.2 Driftsplan (Pbl § 12-7 nr. 2)

2.2.1 Det skal utarbeidast ein driftsplan for masseuttaket. Driftsplanen skal godkjennast av direktoratet for mineralforvaltning (DMF) i samband med regulering av driftskonsesjon. Driftsplanen skal sendast til kommunen til uttale før den sendast til DMF for handsaming.

2.3 Byggegrense (Pbl § 12-7 nr. 2)

Byggegrense mot fv. 362 er 15 meter, dette gjeld bygg, andre installasjonar og lagring av massar.

2.4 Vatn og avløp (Pbl § 12-7 nr. 2)

2.4.1 Avløp frå bygningar innanfor planområdet skal gå til lukka tank. Det skal etablerast sedimentasjonsbasseng i planområdet. Vatn frå masseuttak skal leiast til filtrering i grunnen, og ikkje sleppast direkte ut i resipient.

2.4.2 Dokumentasjon for tømning av tank skal sendast til kommunen.

2.4.3 Når det kjem offentleg vatn og avløp i området, jf. VA-forskrift, skal ein kople seg på dette.

2.4.4 Sedimentasjonsbasseng er søknadspliktig tiltak, jf. pbl § 1-6.

2.5 Avslutning av masseuttaket og tilbakeføring av terreng (Pbl §12-7 nr. 1)

2.5.1 Ved tilbakeføring av masseuttaket skal kommunen sine retningslinjer for estetikk, arkitektur og landskap og kommuneplanen sin arealdel leggest til grunn. Landskapsplan datert 13.06.2018 skal vere retningsgjevande for landskapsutforminga.

2.5.2 Ved avslutning av masseuttaket skal det tilbakeføres som LNF-formål, med tilbakefylling av massar som gjev eit landbruksareal med helling på maksimalt 1:2. Ved avslutta uttak skal området settast i stand i samsvar med avslutningsplan i godkjend driftsplan. Avslutningsplan skal godkjennast av kommunen sjølv om drifta vert avslutta før dei angjevne massane etter driftsplanen er tatt ut. Avslutningsplanen skal sikre ein heilskapleg avslutning av brotet.

2.5.3 Masseuttaket er rekna som avslutta etter driftsstans i meir enn 6 månader. Ved avslutning skal alt av bygg, maskinar og utstyr fjernast, og området tilbakefyllast.

2.5.4 Ved avslutning av masseuttaket skal området fyllast att. Tilførte massar skal vere reine, naturlege massar som sand, stein, jord og skal ikkje innehalde miljøskadelege stoff eller artar i kategorien høgrisiko og særskilt høgt risiko på lista over fremmande artar.

2.5.5 Området skal tilbakeføres til LNF-formål med helling på maksimalt 1:2. Topplaget skal ha steinfri torv- og eller mineraljord og såast til med anten stadeigen vegetasjon, t.d. tørreng. Det kan også plantast til med stadeigne tre og buskar som ikkje hindrar beite.

2.5.6 Opp mot bergskjeringane skal det fyllast opp med lausmassar for å dempe skjeringshøgda ved avslutta drift. Arrondering skal tilpassast terreng og topografi i tilstøying til uttaket. Høgdeskilnader i terreng /bergskjeringar skal ikkje overstige 2 m.

2.6 Avfallshandtering (Pbl §12-7 nr. 3)

- 2.6.1 Alt avfall skal oppbevarast i lukka konteinar eller særskilde bygningar. Avfall som p.g.a. volum eller andre årsaker må lagrast ute, skal skjulast med tett og tilstrekkeleg høgt gjerde.
- 2.6.2 Farleg avfall og forureina massar skal handterast forsvarleg, i samsvar med gjeldande lovverk.
- 2.6.3 Det er ikkje høve til utslepp av ureina vatn og avfall, eller deponering av ureina massar i planområdet. Utslepp av partiklar er òg rekna som ureining.
- 2.6.4 Metodar for å hindre utslepp må kalibrerast i høve til storleik på sedimentar som skal passere. Døme på dette kan vere siltgardin.
- 2.6.5 Avfall og overskotsmateriale må transporterast bort og nyttast, eller deponerast i samsvar med gjeldande lovverk.

2.7 Ureining og støy (Pbl § 12-7 nr. 3)

- 2.7.1 Støy frå verksemda i masseuttaket skal ikkje overstige grenseverdier gjeve i til ei kvar tid gjeldande rettleiar T-1442 kap. 3 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» og ureiningsforskrifta § 30-7.
- 2.7.2 Verksemda skal sørge for å gjennomføre tiltak som er naudsynte for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet som knusing, sikting, transport og lagring, jf. ureiningsforskrifta § 30-4. Støvnedfallsmålingar etter ureiningsforskrifta skal utførast, jf. §§30-5 og 30-9 a. Behov for støvnedfallsmålingar skal vurderast i driftsplan.
- 2.7.3 Det er ikkje tillate med utslepp av forureina vatn og aktivitetar som gjev tilslemming av vassdrag. Målingar av utslepp til vatn skal utførast etter krav i ureiningsforskrifta, jf. §§30-6 og 30-9 b.
- 2.7.4 Dersom det vert oppdaga ureining i grunn, luft eller vatn skal arbeid stansast, grunnen verte undersøkt av fagkunnig og det skal utarbeidast tiltaksplan som skal godkjennast av kommunen.
- 2.7.5 Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre naudsynte tiltak for å hindre ureining frå planområdet, jf. ureiningslova § 7. Det gjeld mellom anna sandfang, sedimentasjonsbasseng, filtduk og andre naudsynte tiltak, og plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn med fastsetting av grenseverdier, og tiltak ved eventuelle grenseoverskridingar. Prosjektering og utføring skal gjennomførast av føretak med relevant kompetanse knytt til hydrologi, biologi, kjemi og/eller andre fagområde som kan vere relevante. Det skal takast regelmessige prøvar av overvatn, sandfang og bekk nedstraums frå massane. Kopi av rapport skal sendast kommunen minimum halvårleg. Plan for målingar/prøvetaking av utsleppsvatn, skal følgje søknad om løyve til bygging av sedimentasjonsbasseng.

2.8 Vibrasjonar og skakingar

Grenseverdier for vibrasjonar ved sprenging i fjell skal bereknast etter anbefalingar i ei kvar tid gjeldande versjon av NS-8141 «Vibrasjonar og støt - Måling av svingehastighet og beregning av veiledende grenseverdier for å unngå skade på byggverk». Behovet for beregningar av vibrasjonar skal vurderast i driftsplan, jf. § 2.2.1.

3. BYGG OG ANLEGG (pbl § 12-5, nr. 1)

3.1 Råstoffutvinning (Pbl § 12-7)

- 3.1.1 I området for råstoffutvinning (BRU) er det tillate med uttak, knusing, lagring av steinmassar og plassering av sedimentasjonsbasseng som vist i VA-rammeplan. VA-rammeplanen er juridisk bindande på dette punktet.
- 3.1.2 Innanfor formålet kan det etablerast sedimentasjonsbasseng som tar i mot avrenningsvatn frå heile masseuttaket. Avrenningsvatn skal vere reinsa før det eventuelt kan sleppast ut mot nærliggande bekkar og vatn.
- 3.1.3 Det er tillate med mellombelse bygningar og anlegg som er tilknytt drifta av masseuttaket. Bygningar og andre mellombelse og transportable konstruksjonar skal fjernast når drifta av masseuttaket er avslutta.
- 3.1.4 Toppmassar skal gravast av og lagrast i eige deponi før utsprenging tar til.
- 3.1.5 Uttak av massar kan ikkje takast ut lågare enn kote +39 moh. Endeleg fastsetting av uttaket sitt botnnivå vert fastsett i driftsplan.
- 3.1.6 Driftstider
Normal drift (knusing, boring og masseflytting) er avgrensa til tidsrommet:
kl. 07:00- 18:00 måndag-fredag, gjeld ikkje heilagdaggar.
- Sprenging er avgrensa til tidsrommet:
Kl. 07:00-1600 måndag til fredag, gjeld ikkje heilagdaggar. Naboar som bur 500 meter frå planområdet eller nærmare, skal få skriftleg varsel i form av tekstmelding eller brev minimum 1 døgn før sprenging finn stad.
- Transport av massar ut av masseuttaket er avgrensa til tidsrommet:
kl. 07:00- 18:00 måndag-fredag, gjeld ikkje heilagdaggar
Kl. 0800-1300 på laurdagar, gjeld ikkje heilagdaggar
- 3.1.7 Uttaksvolum
Det er tillate å ta ut årlege massar inn til 25 000 m³.

4. SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Pbl § 12-7, nr. 2)

4.1 Veg

- 4.1.1 Offentleg veg o_SV1
O_SV1 er avsett til offentleg køyreveg i samsvar med vegnormalen tilsvarande ein Sa3-veg.
- 4.1.2 Privat veg SV2
SV2 er ny avkøyrsløse til masseuttaket. Avkøyrsløse skal fjernast ved avslutning av masseuttaket.
- 4.1.3 Privat veg SV3
SV3 er privat avkøyrsløse til bustadeigedom.

5. GRØNTSTRUKTUR (pbl § 12-5, nr. 3)

5.1 Vegetasjonsskjerm

- 5.1.1 I området GV skal terrenget og vegetasjon oppretthaldast for å sikre ein visuell skjerming av masseuttaket for bustader i vest. GV skal også fungere som ein buffer mot vassdraget

Loneelvi. Bergpartiet skal vere tett slik at det ikkje kan førekome avrenning til Vevleelva og Borgavatnet.

- 5.1.4 Opphavleg vegetasjon i vegetasjonsfelt GV skal takast vare på for å skape ein god overgang til landbruk, natur- og friluftsområde.
- 5.1.5 Større tre og annan verdifull vegetasjon i GV skal i størst mogleg grad takast vare på.

6. OMSYNSSONER (*pbl § 12-6, jf. §11-8*)

6.1 Sikringssone - Frisikt

I sikringssona - frisikt H140 skal det ikkje innretningar eller vegetasjon som hindrar frisikt i samsvar med vegnormalane.

6.2 Sikringssone – Andre sikringssoner

Sikringssona – Andre sikringssoner (H190) er avsett til sikring av masseuttaket. Det kan vere høge gjerder, sperringar og andre sikringstiltak. Masseuttaket skal sikrast slik at det ikkje fører til fare for menneske og dyr etter TEK17. Sikringstiltaka skal vere i samsvar med godkjend driftsplan, jf. § 2.2.1.

6.3 Faresone – Høgspenningsanlegg

I faresona – høgspenningsanlegg H370 er ei eksisterande høgspenningsleidning og har ei byggforbodssone på 16 meter. Tiltak innanfor omsynssona eller sprenging nær leidninga må avklarast med eigar.

6.3 Sone med særleg omsyn

Sona H560_71 Loneelvi gjeld bevaring naturmiljø. Sona er lagt inn med omsyn til verna vassdrag.